

RAUMA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Komite for utredninger	25.03.2008	007/08	ANH
Kommunestyret	01.04.2008	035/08	ANH

Saksansvarlig Andreas Hjertviksten	Arkiv: K1-139 Objekt:	Arkivsaknr 07/914
--	--	-----------------------------

FORVALTNINGSREFORMA - NYE OPPGÅVER TIL DET FOLKEVALTE REGIONALE NIVÅET - HØYRING

Vedlegg:

- Høringsnotat frå Kommunal- og regionaldepartementet – Sammendrag.
- Kommunestyret sin tidligare uttale av 08.05.2007, sak 21/07.

Utrykte vedlegg:

Hele høringsnotatet frå KRD med vedlegg.

Saksopplysninger:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høring forslag til nye oppgaver til det regionale folkevalte nivået. Høringsnotatet inneheld ei konkretisering av de oppgåvene som var varslet i St.meld. nr. 12 (2006-2007). Etter høringsfristen vil KRD koordinere vidare arbeid i departementa med sikte på å legge fram ein samla proposisjon til Stortinget hausten 2008. Denne vil innehalde både konkrete lovframlegg om oppgaver og eventuelle framlegg til endringar i fylkesinndelinga.

Det er bedt om høringsuttaler både til oppgaver og regional inndeling.

Høringsfrist er 30. april 2008.

Vurdering:

Av ting som blir foreslått kan nemnast overføring av store oppgaver innan samferdsel når fylkeskommunane frå 2010 blir ansvarlege for riksvegane utanom stamvegane. Andre viktige oppgaver for ei meir samordna regional utvikling er oppretting av regionale forskningsfond og ei regionalisering av eigarskapen til Innovasjon Noreg.

INNSTILLING:

Saka blir å drøfte.

05.03.2008 KOMITE FOR UTREDNINGER

KOFU-004/08 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka utsettast til 25.03.08.

25.03.2008 KOMITE FOR UTREDNINGER

Det ble satt fram flg. forslag:

”

Fast komité for utredninger gjer framlegg ovanfor Kommunestyret om å gjere følgjande VEDTAK:

Rauma kommune føretrekker ein forsterka fylkesmodell utan noko endringar i fylkesgrensa for Møre og Romsdal fylke sin del. Rauma kommune ønskjer også i framtida tre folkevalte forvaltningsnivå i Noreg, der fylkesnivået skal styrkast som regionale utviklingsaktørar.

Rauma kommune seier seg også einig i at det skal sterke grunnar til å endre dagens navneterminologi fylke / fylkeskommune til region sjølv om andre land måtte ønske dette.

Regionale oppgåver.

Rauma kommune vil støtte opp om ei forvaltningsreform med ei desentralisering av makt og mynde og ei klår ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa, der dei forsterka fylka skal vere dei sentrale regionale utviklingsaktørane. Til dette trengst nye utviklingsoppgåver til dei forsterka fylka ut over dei utviklingsoppgåvene og forvaltningsoppgåvene som skal overførast frå dagens fylkeskommunar, der dei fleste av desse bør kunne overførast dei nye forsterka fylka sjølv om ein ikkje går for ei regional inndeling med landsdelsregionar.

I hovudsak kan vi gi vår tilslutning til dei forslag som så langt er framlagt. Generelt vil vi framheve at i noen tilfeller kan ein sjå konfliktområder mellom kommunar og fylkesnivået kva angår oppgåver og ansvar. Det kan her være tale om at interkommunalt samarbeid i noen tilfeller vil være betre egna til å løyse oppgåver enn fylkesnivået. Omsynet til både riktig og fornuftig oppgåvedeling må veie tyngre enn å finne nok oppgåver til fylkesnivået viss dette rammer primærkommunane på ein lite hensiktsmessig måte.

Rauma kommune vil m.a. peike på følgjande punkt frå høyringsdokumentet:

- Gjeldande oppgåver frå landbruks- og matdepartementet og miljødepartementets område:
Forvaltningsansvaret for områdevern, naturmangfold, forureining, arealplanlegging og næringsutvikling kan bli krevjande ut frå nærheitsprinsippet og lokalt sjølvstyre. Her kan ligge konflikt- og kompetanseforhold som må avveies og klargjørast slik at dei ulike forvaltningsnivå får sin rettmessige legitimitet og forankring i folkemeininga . Med bakgrunn i dei store klimautfordringar og internasjonale forpliktelser , vil Rauma kommune uttale at dei nasjonale politiske mål må sikres ved at staten her har det overordna ansvar.

- Gjeldande oppgåver frå Kunnskapsdepartementet si side vil Rauma kommune stø opp under ein tanke om at dei forsterka fylka også ved sitt tilbod om fagskoleutdanning skal kunne ta meir omsyn til lokale og regionale kompetansebehov innanfor prioriterte samfunnsområde. Rauma kommune støttar også framlegget om at regionane eller dei forsterka fylka skal oppnemne to at dei eksterne styrerepresentantane ved høyskulane, for å sikre ei regional forankring og ei styrking av dei eksisterande høyskulane. Også etableringa av regionale forskingsfond forvalta av fylka vil vere til stor nytte for fylka for å kunne vere viktige regionale utviklingsaktørar.
- Gjeldande oppgåver frå Kultur- og kyrkjedepartementet si side vil Rauma kommune råde til at statlege oppgåver blir lagt over til det regionale nivået samt at det regionale nivået skal få tillagt seg medansvaret for oppnemning av styra til region-/landsdels-institusjonane og knutepunktinstitusjonane innan kulturfeltet.
- Gjeldande oppgåver frå Nærings- og handelsdepartementets side vil Rauma kommune peike på at ei regionalisering av eigarskapen til Innovasjon Norge vil vere positivt for ei styrking av det regionale nivået.
- Gjeldande oppgåver frå Samferdselsdepartementets side vil Rauma kommune stø oppunder tanken om at ein ved ein forsterka fylkesmodell held fast på eit samla Statens Vegvesen, men der enkelte oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova og konkret planlegging og drift av kollektivtransport overførast til fylkeskommunane. Som ved førre høringsuttale vil imidlertid vår kommune framheve nødvendigeita av at viktige, store og betydningsfulle riksvegar blir gjenstand for ny klassifisering som stamveg. Her må det leggjast vekt på kriterier som årsdøgntrafikk, nasjona- og regional transportveg for næringsliv, knytte regionar saman og lignande. Rv 64 som vil få utgangspunkt i Kristiansund når Atlanterhavstunnelen står ferdig, vil etter Rauma kommune si meining fylle kriteria for å bli **klassifisert som stamveg** noe kommunen sterkt vil anbefale.
På jernbaneområdet ser ein ikkje behov for vesentlige endringar da Raumabanen sitt trafikkmonster i liten grad har lokaltrafikk men heller har preg av langdistansetrafikk. Primærkommunen og fylket må ha stor innflytelse på ruteplaner og samordning med annan rutetrafikk.
- Andre forslag / kommentarar.
Rauma kommune vil støtte tanken med vidareføring av helsekoordinatorfunksjonen i folkeopplysningas teneste. Dette arbeid må forsterkast og det vil være naturleg at fylkesnivået får disse arbeidsoppgåver i samspill med kommunane.
Det vil også falle naturleg at fylket hadde koordineringsansvar i samspillet mellom institusjonstjenesta slik vi finner det i kommunane, helseforetaka og staten (BUFetat). Det kan også tenkast at fylket kunne ha ein rolle i bindeleddet mellom primærhelsetjenesta og spesialisthelsetjenesta for å oppnå betre samordning og ressursutnytting. Derimot vil ein sterkt åtvare imot at primærhelsetjenesta slik den fungerer i dag har kompetanse og ressursar til å overta fleire oppgåver frå staten / helseforetaka i eit ønske å betre økonomien her.

For ei vellukka gjennomføring av forvaltningsreforma føresett Rauma kommune at det blir overført tilstrekkeleg midlar til dei forsterka fylka for at dei skal kunne løyse sine nye oppgåver på tilfredsstillande måte.

Regional inndeling.

Rauma kommune vil vise til vedtak i Kommunestyret i sak 21/07, der ein i valet mellom ein forsterka fylkesmodell og ein region / landsdelsmodell gjorde klårt at kommunen føretrekker ein forsterka fylkesmodell der kommunen framleis skal ha si tilknytning til Møre og Romsdal fylke. Grunngevinga bak dette var at Møre og Romsdal fylke utgjer ein naturleg region gjeldande næringsstruktur, geografi / topografi, samferdsle og regional identitet. Forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal har også vist seg vellukka, og bør leggjast til grunn for ei framtidig utvikling av dei forsterka fylka. Rauma kommune vil presisere at ein framleis har dette som eit klårt førsteønske gjeldande regional inndeling.

KOFU-007/08 VEDTAK:

Det framsette forslag vart samrøystes vedteke.

01.04.2008 KOMMUNESTYRET**Repr. Arne Hoem satte frem følgende forslag:**


- "1. Rauma kommune meiner det er viktig å satse på ei ressursnyting der ein dreier ressursbruken frå adm. ressursar til tenesteproduksjon. Dette kan best gjerast ved å redusere det store byråkratiet ein har bygd opp ved å ha ei styringsform basert på tre forvaltningsledd. Ved å redusere denne til 2 forvaltningsnivå, kommune og stat, vil ein kunne frigjere betydelige ressursar som vil vere med å sikre velferds-samfunnets vidare oppgaver framover. Oppgavene blir fordelt mellom kommunenivå og stat.*
- 2. Det må også rettast fokus på fylkesmannens innsigelsesrett mot kommunal areal-disposisjonsrett der kommunane må beholde sjølvråderetten over sine areal."*

KS-035/08 VEDTAK:

Fast komite for utredninger sitt forslag blei vedteke med 24 stemmer.

Repr. Arne Hoem sitt forslag fikk 3 stemmer.

Rett utskrift.



Andreas Hjertviksten
kontorsjef